

**UTBYGGINGSAVTALE**  
**mellan Ål kommune og grunneigarane/utbyggjarane innanfor**  
**Reguleringsplan Leikvollstølen-Torpoåsen,**  
**avtala gjeld gjennomføring av følgjande plan:**  
**Reguleringsplan Leikvollstølen-Torpoåsen, planid 2009001,**  
**sist vedteke i k-sak /25 den februar 2025**

Avtala er i samsvar med kapittel 17 i plan- og bygningslova jf. Ål kommunestyre sak 82/12, vedteke 20.12.2012 og k-sak 37/11 vedteke den 15.6.2011.

Utbyggjar av Leikvollstølen - Torpoåsen må dekke alle interne kostnader som følge av utbygging av reguleringsplanen for Leikvollstølen – Torpoåsen.  
Eksterne kostnadar og utbyggjars ansvar er spesifisert i tabellen under.  
Bidrag fra utbyggjar til eksterne kostnader skal stå i høve til storleik på utbygginga jf. kapittel 17 i plan- og bygningslova: *"Kostnadene som betales av utbygger eller grunneier til tiltaket må stå i forhold til den belastning den aktuelle utbygging påfører kommunen."*

Samandrag av anlegg/tiltak med kostnadsdeling mellom Ål kommune og utbyggjar:

Anlegg/tiltak	Dimensjonering og kostnad for utbyggjar
Avlaup og vassforsyning	Utbyggjar byggjer og driftar private anlegg
Renovasjon	Utbyggjar betalar inn kr 2000 pr nye godkjente tomt til utviding av nærmaste renovasjonspunkt. Ål kommune ordnar med utviding av plassen, grunnkjøp, oppmåling og nedsetting av Molok (nedgrave avfallskonteinerar)
Slokkevatn	Utbyggjar betalar inn kr 5000 pr nye godkjente tomt til utbygging av nærmaste planlagte slokkevasspunkt (Oppheim 7) jf slokkevasskart for Ål datert 18.3.24. Ål kommune dekker resten av kostnad til etableringa av slokkevasspunktet tidlegast i 2026 8avheng av budjstthandsaminga).
Evt flaum- og skredsikring	Utbyggjar tek kostnadene med å etablere eventuelle interne tiltak, som t.d. flaum- og skredsikring m.m.

Dersom utbyggjar overdreg sine rettar til andre, skal kommunen varslast og pliktene etter denne utbyggingsavtala følgjer med till ny eigar/utbyggjar.

**Følgjande kommunale dokument legg føringar for utbyggingsavtala:**

Vedtekne reguleringsplanar i området, gjeldande kommuneplan for Ål, kommunedelplan for Sundre, kommunedelplan for Primhovda, gjeldande økonomiplan, gjeldande hovudplan for vatn, plan for vassmiljø og hovudplan for avlaup, reglement for sanitæranlegg i Ål kommune, avfallsforskrifta for Ål kommune, VA norm for Ål kommune og gjeldande rehabiliteringsplan leidningsnett vatn/avlaup, vedtekne retningsliner for bruk av utbyggingsavtaler i Ål kommune og saksutgreiing til kommunestyresak om reviderte prinsipp for bruk av utbyggingsavtaler.

**Tvist**

Vedtak om utbyggingsavtale etter kapittel 17 i plan- og bygningslova kan ikkje påklagast.

13.02.25  
Sigrun

Ei kvar tvist mellom partane med utgangspunkt i denne avtala skal søkast løyst gjennom forhandlingar. Viss partane ikkje vert samde, blir tvisten avgjort ved vanleg domstolhandsaming ved den lokale tingretten.

Denne avtala ligg føre i to likelydande eksemplar, ei til kvar av partane.

Ål, den 6.1.25

for Ål kommune

---

ordførar

Ål, den 13.02.2025

for utbyggjar (ane)

*Torleif Bjella*